



Ørjan Rio(t.v.) og Øyvind Nåsen gledde seg mest til SKAMBANKT og JAA9 & ONKLP

Blant Festidalen-deltakarane som telte på Festicampen var også to unge karar frå Voss, Ørjan Rio og Øyvind Nåsen. Dei kom hit torsdag, og då eg treffe på dei fredag føremiddag slappa dei av ved teltet. Dei fortalde at det var første gongen dei deltok på Festidalen.

Då eg spurde om bakgrunnen for at dei var hamna på festival i Uskedalen, kunne dei fortelja at dei hadde høyrte mykje positivt om Festidalen frå folk som hadde vore her tidlegare. Kjenningane deira hadde trivdest svært godt her, og dei hadde lete vel om den gode stemninga og det flotte arrangementet.

Sjølv om dei hadde merka seg at det var mange og varierte aktivitetar under Festidalen, var det først og fremst dei to konsertkveldane på Dønhaug dei hadde peila seg inn på. Dessutan ville dei ha med seg frukosten på Systrene Nilsen.

Blant artistane nemnde dei SKAMBANKT og JAA9 & ONKLP som to favorittar som dei såg fram til å oppleve.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.